

Ti år med skule og barnehage i Sogn regionråd

VI FEKK NY formålsparagraf i opplæringslova for få sidan – uttrykket utvikling av «gagns menneskje» er erstatta av: «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningars for å kunne meistre liva sine» I dette ligg m.a. at elevane skal rustast til å møte opp- og nedturar i eigne liv, i forhold til arbeidslivet, sosialt osb. Alt dette i ei omskifteleg verd. Dette er ei spanande og krevjande utfordring for alle som er aktørar i forhold til elevar og skular – lærarar, rektorar, kommunalt tilsette, foreldre, for å nemne nokon.

I HAUST SKAL Stortinget handsame Stortingsmelding 28 (2015–2016) Fag-Fordypning-Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet. Meldinga byggjer m.a. på Offentleg Utgreiing nr. åtte frå 2015 Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser. Eit interessant spørsmål blir då i kva grad denne justeringa av staten sin skulepolitikk går i hop med den skulepolitiske tenkinga til Regionrådet.

Satsingane som Regionrådet har hatt så langt er kjenneteikna av bevisste val. Ein har hatt tru på at skulen kan leggje til rette slik at elevane nettopp kan få kunnskap, dugleik og haldningar som blir viktige i deira liv og samstundes vere verdfulle for samfunnsutviklinga i Sogn.

PROSJEKTET SATS PÅ skulen – snu Sogn gjekk frå 2006 til 2012. I konkurransen med andre institusjonar fekk høgskulen oppdraget med å gjennomføre leiarutdanninga. Pedagogisk entreprenørskap vart ein viktig del av satsinga. Det var tre delprogram: kompetanseutvikling for skuleleiarar, kommunen som skuleigar (retta m.a. mot politikarar og administrasjon) og fagnettverk for lærarar. I siste fase, vart satsinga utvida med delprogrammet Sats på barnehagen – snu Sogn, som arbeidde etter same modellen som dei opphavlege tre delprogramma retta mot skulen.

Prosjektet Sats på skulen – snu Sogn blir rekna som særstak. Ein omfattande evaluatingsrapport utarbeidd av NTNU har side opp og side ned med skryt, men sjølv sagt òg nokre punkt der ein kan bli enno betre, sjå heimesida til Sogn regionråd.

KS HAR DEI siste åra utarbeidd eit sokalla kommunebarometer. Her blir alle kommunar i landet rangert korleis dei presterer innanfor ulike sektorar – grunnskule og barnehage er to av desse. Og så er det ei samla rangering der alle sektorar er med. Kommunane



KLASSEVITJING: Ut av klassrommet og besøk på lokale verksemder har vore ein viktig del av utviklingsarbeidet i Sogn. Dette byggjer identitet og gjev kunnskap. Her ser vi ei gruppe frå 6. klasse på Gaupne skule på besøk i Sogn Avis sine lokale i 2014.

i Regionrådet presterer svært sterkt på grunnskuledelen. I 2014 var alle medlemskommunane blant dei 50 beste i landet. I 2016 var Sogndal nr 1. Det er mykje som inngår i utrekninga – elevresultat, trivsel, fråfall i vidaregående, lærarane sin kompetanse mm.

Nemnast må òg at det er gjennomført ein studie av barnehagene, førebels ikkje publisert, der det m.a. er ei kartlegging av i kva grad barnehagane kan seiast å vere lærande organisasjonar. Den gledeleg konklusjonen er at dei oppfyller kriteria. Dei har ein delingskultur, som også pregar skulane og kommunane.

SOM VI SER er det all grunn for kommunane, skulane og barnehagane å halde fram med dei arbeidsmåtane som vart utvikla i åra med Sats på skulen – snu Sogn. Melding 28 legg opp til at det skal utarbeidast ny generell del av læreplanverket og nye læreplanar for dei ulike faga. Det er gitt ein del foringar, men ikkje på detaljnivå førebels. Eg saknar sterkare vekt på tenkinga i pedagogiske entreprenørskap, der det vert lagt opp til å

utvikle eigenskapar som kreativitet, nyttenking, mot, fleksibilitet, samarbeidsevne, risikovilje, sjølvtillit, sjølvinnnsikt og uthalde – eigenskapar som utan tvil er viktige for å meistre livet.

Eg er òg usikker på korleis ein skal tolke kapittel 2.2 Skolen og samfunnet. Her er det eit

reindyrka nasjonalt perspektiv. Skulen får tildelt ei nasjonal oppgåve i forhold til «samfunnet» og «arbeidslivet», den lokale dimensjonen er fråverande. T.d. er samarbeid skule – lokale bedrifter, som vi finn mykje av i vår region, er ikkje nemnt.

PÅ DEN ANDRE sida vil det ikkje på nokon måte vere forbode å organisere og utvikle skulen og barnehagen slik det no blir gjort. Mi tolking er at arbeidet i Regionrådet framover vil vere minst like viktig som tidlegare. I den samanheng kan nemnast at Vik, Aurland og Sogndal har oppretta lokalt programstyre som var eitt av punkta i handlingplanen for 2015. Rådmennene i dei seks andre kommunane bør her ta eit initiativ.

System for styrkt læring er overskrifta på programmet som skal gå heilt fram til 2021. Det starta i 2013. Utviklingsprogrammet har eitt hovudmål: Auka læringsutbytte for alle, gjennom å styrkja tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning. Det er seks delprogram: systemisk læring/lærande organisasjonar, vurdering for læring, motivasjon og meistring, psykisk helse, entreprenørskap og tidleg innsats. Det er utarbeid ein overordna handlingsplan og årsplanar for åra som har gått. I sum er dette ei særstak satsing og krevjande


satsing. I åra 2006 til 2009 var Ingrid Syse tilsett som ansvarleg for skule-/barnehagedelen. Claus Røynesdal tok over stafettpinnen i 2009. Av personleg erfaring veit eg at begge har hatt travle dagar og gjort ein strålande jobb. Like

mykje ros skal mange leirarar og tilsette i skulane og barnehagane ha for deira omfattande innsats.

VED HSF ER det mange som har vore og er involvert i arbeidet til Regionrådet. HSF utmerkar seg i landssamanhang når det gjeld pedagogisk entreprenørskap. Denne tilnærminga viser att i undervisninga av studentane, m.a. bygt på ei bok utarbeidd av tilsette – Grunnskulelærarutdanning gjennom pedagogisk entreprenørskap

Regionrådet sitt programstyre for skule- og barnehagesamarbeidet må trekkejast fram. Dei er høgkompetente og bidrag sterkt i utviklingstenkinga. Fleire av desse instansane bidreg med ressursar. Dette hadde fortent breiare plass. Det same gjeld finansieringskjeldene som har vore bidragsytarar i mange år. I tillegg til kommunane er dette først og fremst fylkeskommunen, Fylkesmannen og KS.

Og til slutt ein ros til kommunane ved ordførarane som utgjer den øvste styringsgruppa. Gratulerer med jubileet! Håper de står på vidare!



Bjørn Tønnesen
Tidlegare utdanningsdirektør i Sogn og Fjordane.

KRONIKK

Sogn regionråd arrangerer felles møte med formannskapa 30.9.2016 for å diskutere kva som bør vere satsingane dei neste fire åra. Kva skal til for å få sterke vekst og utvikling i Sogn? Kva skal kommunane samarbeide om? Før møtet publiserer Sogn Avis fire kronikkar som frå ulike vinklar utfordrar på kva regionrådet bør prioritere.